

Tiril og Maria stjal showet

19.03.2011



Familiær innsats i Helgheim: Maria, Einar og Tiril

**Det bør ikkje fornærma nokon når vi hevdar at 13 år gamle Tiril Eirun Einarsdotter og mora hennar, dirigent Maria Malmsten, stjal showet under vårkonserten i Helgheim i kveld. Røysterett for alle, denne gongen med 25 av 32 aktive songarar på plass, leverte ein imponerande kavalkade gjennom 5 års repertoar. Men det var Tiril og Maria som leverte dei beste enkelt-prestasjonene.**



Tiril med dei to fiolinane sine

13-åringen, som har hatt utruleg stor framgang på kort tid, imponerte både med songen sin og ein bortimot profesjonell handtering av to slags fiolinar. Det var verkeleg driv over hennar musikalske vandring frå Bach til Vamp.

Mora, med Tiril og mannen Einar Steinkopf som akkompagnatørar, utløyste stor begeistring med "Ser deg no" av Odd Nordstoga. Nordstoga har i det heile vorte ein suksess-komponist for vårt lokale kor. Medan vi for nokre år sidan kunne hevda at dei var best på Beatles, tykkjer vi at dei no er best på Nordstoga. Og aller best var dei i Vandringssweise. Sjølv om også Malene sat som eit skot.

Koret skal ved kommande månadsskifte spela inn ein CD i Rosendal og vårkonserten var ein slags generalprøve.

CD-en blir tydelegvis eit breitt snitt gjennom repertoaret og det burde ha vore fleire ny-innovde songar med i kavalkaden. Det ville også verka positivt med tanke på den rekrutteringskampanjen som skal setjast i gong og som det absolutt er trøng for.

Konserten i Helgheim var imidlertid ei oppleving og det burde vore fleire enn 50 der. Det vart imidlertid reagert på at det ikkje var trykt noko program, eller i det minste ei enkel opplisting av det som skulle syngjast dette kvelden.

Gode musikalske krefter var mørnstra også i tillegg til dei frå familien til Maria. Ove Eikemo spela bass, Lars Storegjerde piano og Jan Arthur Kalsaas slagverk.

No ventar vi berre på CD-en, som blir litt av eit løft uansett om songane er sunge mykje før eller ikke.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Røysterett for alle syng i Helgheim i kveld